

Prognosebom kan ha gitt ekstra dårleg lønnsoppgjjer i fjor:

Lønna går ned

BOM: Høg prisvekst og eit magert lønnsoppgjjer gir største reallønnsnedgang sidan 1981. Upresise prognosar for prisvekst kan ha spelt inn i lønnsforhandlingane i fjor.

LØNN

Av Anne Kari Hinna (tekst) og Tom Henning Bratlie (foto)

– Det blei ein ganske betydeleg reallønnsnedgang for mange.

Det sa leiar for Teknisk Berekningsutval Ådne Cappelen då han i går la fram utvalet sin førebelse rapport.

Mens konsumprisindeksen auka med 3,6 prosent frå 2015 til 2016, auka gjennomsnittslønna med 1,7 prosent. Dermed blei det ein nedgang i reallønna etter skatt på 1,2 prosent.

1981 var sist reallønnsnedgangen var like stor som i fjor, ifølgje Cappelen.

Bomma på prisvekst

Prisveksten på heile 3,6 prosent var eitt prosentpoeng over prognosane SSB la på bordet for eitt år sidan. Det kan ha spelt partane i arbeidslivet eit puss under lønnsforhandlingane i fjor. Då LO i fjor vedtok sine krav for lønnsoppgjret, var målet å sikra kjøpekrafta. Men fasiten viser altså at slik gjekk det ikkje.

– At SSB bomma på antatt prisvekst, kan det ha ført til eit dårlegare lønnsoppgjjer enn om prognosane var meir presise?

– Det kan ha ført til det. Eg vil ikkje avvisa moglegheita for det. Men utvalet var omforeint om prisanslaget. Men bommen me hadde i fjor er uvanleg for oss, seier Cappelen.

Leiar for Fellesforbundet Jørn Eggum sat i møte i heile går, men skriv at tala viser at situasjonen i delar av norsk industri er vanskeleg, og at lønnssevna er svak.

«Vi gjennomførte et fornuftig lønnsoppgjjer i 2016 under de forutsetninger som da forelå», seier han.

I dag møttest LOs representantskap for å vedta hovudlinjene for årets lønnsoppgjjer.



MAGRARE TIDER: Leiar i Teknisk berekningsutval (TBU) Ådne Cappelen la i går fram den førebelse rapporten over lønnsutviklinga i fjor. – Reallønssveksten er uvanleg negativ til å vera norsk økonomi, sa Cappelen.

FAKTA

Inntektsoppgjra:

- Teknisk berekningsutval (TBU) legg fram nøkkelopplysningar i forkant av lønnsoppgjra.
- I tillegg til SSB sit partane i arbeidslivet, Arbeidsdepartementet og Finansdepartementet i TBU.
- Årslønnsveksten frå 2015 til 2016 er anslått til 2 prosent for industriarbeidarar og 2,25 prosent for industrifunksjonærar i NHO-bedrifter.
- Også for pensjonistane og uføre fall inntektene frå 2015 til 2016.

– Ei utvikling med prisvekst som er høgare enn lønnsvekst over tid. Det kan me ikkje ha. Så sånn er det, seier Trine Lise Sundens, leiar for Handel og Kontor.

LO-leiar Gerd Kristiansen ser også positive sider ved den svake lønnsutviklinga i fjor:

«Det ble en nedgang i real-lønn på 1–1,5 prosent for brede grupper i 2016. Hovedgrunnen er en lavere kronekurs som ga økte importpriser og dermed ekstra prisstigning. Dette gir en omfordeling som styrker bedrifter som konkur-

«Utvalet var omforeint om prisanslaget. Men bommen me hadde i fjor er uvanleg for oss»

ÅDNE CAPPELEN

rerer med utenlandske bedrifter ute og hjemme, og dermed styrking av konkurranseevnen. Det bidrar til å lette omstilling til andre mindre oljeavhengige næringer. På lenger sikt og som et unntaksår vil det normalt styrke sysselsetting og gi økonomien mer solid lønnssevne», uttaler Kristiansen per e-post.

Taparane er i olja

Både høgtlønnsgrupper og lågtlønnsgrupper sat igjen med ei dårleg lønnsutvikling i fjor, men det er forskjellar mellom bransjar.

Cappelen peiker på lønnsutviklinga i nærings- og nyttingsmiddelindustrien som god, men understrekar at dette er ein bransje der lønnsnivået generelt er lågt. Taparane jobbar fyrst og fremst i olja.

– Arbeidarar og funksjonærar i oljerelatert industri er taparar, dei er taparar i

dobbel forstand fordi mange har mista jobben, seier Cappelen.

Fall i realinntektsutviklinga

Samla inntektsutvikling for hushaldningane fall med 2,8 prosent. Det er lønn som er den største inntektskomponenten, og bidrog med 1,3 prosentpoeng i fallet i disponibel realinntekt.

Utviklinga i offentlege stønader bidra til å auka veksten i disponibel realinntekt med 1,3 prosentpoeng i 2016, men dette er godt under gjennomsnittet dei ti siste åra.

Med mindre å rutta med kan hushaldningane komma til å stramma inn forbruket

sitt. Det kan dempa ein tendens til vekst i norsk økonomi framover.

– Viss oppfatninga no blir at inntektsveksten framover skal bli veldig svak, og at det er ei justering som hushaldningane må gjera no, så vil det legga ein veldig klar dempar på konsumveksten og dempa tendensen til litt høgare vekst som me trur på, seier Cappelen.

Teknisk berekningsutval legg fram nøkkelopplysningar i forkant av lønnsoppgjra, og består av representantar frå partane i arbeidslivet, Arbeidsdepartementet, Finansdepartementet og SSB.

annekari@klassekampen.no

